

Postboks 162, 6821 Sandane
Telefon 57 86 63 49
Telefaks 57 86 61 75
E-post: sof@normisjon.no
Giro: 3000.14.71186
Org.nr. 971 569 581



normisjon
region sogn og fjordane

**Til foreningsleiarar og direktemedlemmar i
Normisjon region Sogn og Fjordane**

Sandane: 24.05.2020

Årsmøte i Normisjon region Sogn og Fjordane i 2020

Kjære alle saman!

Vi er og har vore i ein særskild situasjon denne våren. Konsekvensane av koronaviruset er store, og har påverknad på oss på mange områder. Som følgje av dette, kunne vi ikkje avvikle årsmøtet som planlagt i mars. Vi har derfor no valt å gjennomføre årsmøtet digitalt, og evt per post. De som ikkje har tilgang på epost, får moglegheiten til å respondere ved å sende svar per post. Derfor foregår årsmøtet over ei periode som tek omsyn til postgang.

Saksdokumenta ligg fortsatt tilgjengeleg på nettsidene våre normisjon.no/sof.

All respons på årsmøtesakene må vere innkome til regionskontoret innan 10.06.2020. Anten på epost til sof@normisjon.no eller per post til; Normisjon region Sogn og Fjordane, pb 162, 6821 Sandane. (Dersom de nyttar post, hugs å reikne tid til postgang.) Svar som kjem inn etter måndag 10.06 bli ikkje tatt med i optellinga.

Vi ber altså dette året foreningane om å avgi stemmer på vegne av sine medlemmar. Kvar foreining får sjølve ansvar for å korleis de vil organisere dette. Foreininga sitt medlemstal vil gjenspegle antall stemmer. (Sjå forklaring på vedlagte svarskjema. Direktemedlemmar har ei stemme kvar.)

Vi er klar over at ein del foreiningar ikkje opererer med medlemslister. Då ber vi om at styreleiar/ styret brukar skjønn og lokal kunnskap, og teller over «kor mange ein tenkjer normalt høyrer til Normisjon her hos oss». Så stolar vi på dykkar vurdering. (Denne situasjonen påpeikar kor viktig og praktisk det kan vere med medlemslister. Så herved er anbefalinga gjeven om å få ordna i løpet av det komande året.)

FJORDLY UNGDOMSSENTER
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 32 25
E-post: fjordly@normisjon.no
Giro: 3710.07.01732

HOLMELY, Omsorg og Retreat
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 34 25
E-post: holmely@normisjon.no
Giro: 3000.14.72204

TEIGEN LEIRSTAD
6940 EIKEFJORD
Telefon: 57 74 81 48
E-post: teigen@normisjon.no
Giro: 3775.20.63630

FJORDLY BARNEHAGE
6711 BRYGGJA
Telefon 57 85 33 95
E-post: styrar@fjordly-barnehage.no
Giro: 3000.14.72107

Vi ber dokke godkjenne fylgjande:

- Konstituering
- Årsrapport og årsregnskap
- Val av styreleiar
- Val av to faste medlemmar og tre varamedlemmar til styret.
- Val av 2 medlemmar til valnemnda
- Val av revisor

Dersom de har kommentarar og merknadar, ber vi dokke om å nytte feltet til slutt i svarskjemaet.

Regionstyret har bedt rektor ved Nordfjord fhs, Hildegunn Gjesdal Tennebø, om å vere dirigent for årsmøtet. Det betyr at ho på førehand har gått igjennom prosedyra, og har godkjent dokumenta som no blir sendt ut. Ho vil og gå igjennom alle innsendte svar, og saman med protokollunderskriverane sjå til at årsmøtet har blitt gjennomført som beskrive.

- **Det betyr at det kun er innsendte skjema (per e-post eller per post som er gyldige som avgitte stemmer.**
- **Alle kommentarar som står på skjema, vil bli teke med i protokollen.**

Protokollen vil bli gjort tilgjengeleg for alle i etterkan av årsmøtet.

Gåve

Nokre foreiningar har som tradisjon å samle inn gåve til regionen i forbindelse med årsmøtet. Om de ynskjer å bidra i år også så kan gåva setjast inn på konto 3000.14.71186 eller via Vipps til #15646 og merkast med «årsmøtegåve frå (namn på foreining)».

Vi takkar for samarbeid gjennom året, og vonar det bli høve til å møtast også fysisk til hausten. Vell møtt til fellesskap når den tid kjem! Inntil vidare prøvar vi å legge ut ressursar og halde dykk oppdatert via nettsidene våre normisjon.no/sof og via Acta/ Normisjon SoF på facebook. Ta gjerne kontakt på mail eller telefon om det skulle vere noko!

Helsar med Salme 33.12-15

Sælt er det folk som har Herren til Gud, det folk han har valt til sin eige dom! Herren skodar ned frå himmelen, han ser alle menneske. Frå sin bustad ser han ned på alle som bur på jorda. Han har forma deira hjarte, alle deira gjerningar kjenner han.

Med venleg helsing
For Normisjon region Sogn og Fjordane

Regionstyret
Svein Ottar Sandal

Fungerande regionleiar
Stine L. Hopland

Dirigent
Hildegunn G, Tennebø